

KYRKJEBLAD

B
PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGSA
PÅ
KIRKJEBLAD
NORGE I NORGE

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Vullum Design as
Pb. 122,6659 Rindal



for
INDRE NORDMØRE

Mars 2010

«-no er Kristus oppstaden frå dei døde; han er førstegrøda av dei som er avsovna.» 1. Kor 15,20

Nr. 2 - 70. årgang

Ljos over grav

*Ljos over grav som oss livsvoni gav,
rann med Guds Son ifrå daude.
Solrenning klår som den venaste vår
steig over gravstader aude.
Ljoset og livet for alle mann
strålande opp med vår Frelsar rann.*

*Kristus stod opp som det livstre i knopp
som i all æve skal bløma.
Skapande liv han alt drepende driv,
dauden for honom må røma.
Så ved det livstre til Herrens pris
ein gong me livnar i Paradis.*

*Ljos over grav, fall som solskin på hav,
når me frå verdi skal fara!
Lys oss i land til den livsæle strand,
fram til det liv som skal vara,
så me ved ljuset frå påskedag
sæle kan leva i englelag!*

Elias Blix – NoS 188 (v. 1-3-6)



Ljusvonen over grava

Det går mot vår, og vår betyr nytt liv som spirer og gror, opp av molda, ut frå nakne greiner. Livets under. Påska handlar om det største under, at Jesus gjekk ut av grava og døden. Ved det underet har vi ei von over gravene våre, ei von om at vi ein dag skal stå opp av grava. I trua på han som stod opp, skal vi leva.

Når vi har senka den døde i grava, les vi eit ord som gir von og ljøs over grav:

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har født oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.» 1.Pet 1,3

Prest og forfattar Karsten Isachsen skriv og så vakkert:

«To ting vet jeg. Jeg er et levende menneske. Jeg er et døende menneske. Det første er usikkert, det andre er sikkert. Hvem kan snakke til meg om mitt liv og om min død med følsomhet og autoritet? Jesus gjør det på sidene i Det nye testamente. Der har jeg funnet mine holdepunkter i møte med livet og døden. Jeg venter meg ikke en solnedgang til slutt, men en soloppgang. Jeg ror den siste strekningen – med gylnne årer.»



*Velsigna
påskehøgtid!*



ØRE
Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@
gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

KRIK i Gjemnes

KRIK 11 - som er Gjemnes og Øre kyrkjelydar sitt trusopplæringstiltak i forsøksfasen – har hatt ein jamnt god sesong. Dei har måndag som samlingsdagar og avsluttar for sesongen no til påske. Leik og idrett står sentralt. I tillegg har dei samling rundt ei andakt eller eit tema, og ostesmørbrøda har vorte eit fast og populært innslag! Det er Høgtun folkehøgskole som står for den praktiske drifta av dette.

I vinter er det også starta eit KRIK-lag for dei som er frå ungdomsskule-alder og oppover. Dei har eit eige styre av ungdomar, og dette er eit svært aktuelt tilbod for dei som har vakse ut av KRIK 11. Samlingane liknar mykje på det vi kjenner frå KRIK 11 og som er eit standard konsept for KRIK både i Norge og internasjonalt.

Tekst og foto: PD



Bibel-utdeling

Dei som fyller 11 år no i 2010 har vore i kyrkja og fått bibel. I skrivande stund kjem det også inn påmeldingar til leir for

den samme gruppa. Der blir det ulike leiraktivitetar og trening i å leite fram i Bibelen og finne ut kva Gud seier til oss der.



«5.-klassingar som fekk utdelt biblar i Øre kyrkje.»

Foto: Kåre Jan Storvik

Bibelen

Det Norske Bibelselskap er ei grein av United Bible Societies, som har kontor i tilsaman 245 land. Norge har ei viktig rolle i dette store internasjonale samarbeidet, også økonomisk. Det er god tradisjon for å støtte bibelarbeidet med ofringar i norske kyrkjer (minst halvparten av sokna), og Norge ligg på 6. plass i verda når det gjeld antal bibelkroner, men delt på folketalet kjem Norge desidert på førsteplass.

Organisasjonen Wycliffe, er kanskje ikkje så kjent, men har også eit viktig bibelarbeid, spesielt med omsetjing av Bibelen til nye språk, serleg mellom unådde folkeslag. Iflg Wycliffe finst det i dag fortsatt 2.200 språk utan Bibelen på sitt eige språk, sjølv om mange av desse har Bibelen på eit majoritets-språk dei kan forstå.

(Kjelde VL/KPK)



Øre kyrkje i vintersol.

Foto: PD



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

Soknerådsmedlemmer i Straumsnes og Tingvoll Lydbøker



Bak frå venstre: Jon Magne Eikrem, Egil Sandvik, Heidi Synnøve Grimstad, Britt I. F. Henriksen, Marit Linberg, Solrun Margrete Ruste, Kari Indergaard, Målfrid Bølset, Sylvia Grande.

Framom frå venstre: Linda Volden Åsen, Cathrine Grutle, Britt L. Lundin, Randi Tøvik.

Foto: Roger Skjegstad - Tingvoll.net

Gravferdssalmar

Gravferd er fellesskapen si siste teneste andsynes medlemmane sine.

Gravferd etter ordninga i kyrkja (i kyrkje eller kapell) er ei kyrkjeleg handling av gudstenestleg karakter der alt som går føre seg, skal skje på ein god og verdig måte, i samsvar med kyrkja sine ordningar.

Salmar og songar skal godkjennast på førehand av den som har handlinga. Alt musikkstoff som skal brukast, skal på førehand godkjennast av kantor/organist. (Frå vedtak av Kyrkjemøtet 2002, Gravferd - supplement til Gudstenestebok for Den norske kyrkja)

Høvelege songar er først og fremst salmar frå kyrkjas godkjente salmebok (NoS og Salmar 97), men dei fleste prestar gir også høve til å bruka andre kristelege/åndelege songar, t.d. frå Sangboken.

I vårt distrikt har det vore tradisjon for å vera friare ved val av solosong og instrumentalmusikk enn fellessongar, men også her skal det godkjennast etter vurdering av kva som høver ved ei kyrkjeleg handling.

Både i Gravferdsboka og av prestane er det oppmoda til større variasjon i val av salmar.

Gravferdskonsulentane fører register og

statistikk over salmebruk. Meisingset har registrert ca 70 brukte salmar. Av dei er det mindre enn 10 som er brukt meir enn 20 gonger.

Gjengangarar er: Så ta da mine hender, Fager kveldsol smiler (oftast ved grava), Kjærlighet fra Gud, Blott en dag, Leid milde ljøs, O bli hos meg, Alltid freidig, Gud, når du til oppbrudd kaller.

Lokal brannsikring

I vårt distrikt har alle kyrkjene i Sunndal brannalarm tilknytta 110-sentralen med god oppgradering av alt elektrisk utstyr i kyrkjene. I Surnadal er det seks kyrkjer. Av dei er det berre verneverdige Mo kyrkje som har brannvarslingsanlegg og overrisslingsanlegg. I Rindal er båe kyrkjene knyta opp mot brannvesenet ved varslingsanlegg. I Gjemnes prestegjeld har det nettopp vore gjennomgang av det elektriske anlegget, som er i orden, det er også varslingsanlegg. Tingvoll kyrkje fekk siste år installert overrisslingsanlegg og kobling til brannvarslingsanlegg. I Halså er alt elektrisk sjekka og justert. Halså kyrkje er tilkobla alarmsystem.

Det er sagt at dei elektriske installasjonane her i distriktet er i god stand.

Mange spennende lydbøker står og venter på deg!

Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte (KABB) driver et offentlig godkjent lydbibliotek der syns- og lesehemmede kan låne lydbøker. KABB har mange bøker som venter på å bli sendt ut til bokhungrige lesere av lydbøker.

Pr i dag er det gitt ut 2800 titler med stor utvalgsbredde fra kristne forlagsproduksjon de siste tiårene. Informasjon: www.kabb.no
 Kontakt: kabb@kabb.no tlf 69816981

Sjukefråver

Sjukefråveret for norsk arbeidsliv steig i fjor til 9 % på årsbasis, medan sjukefråver mellom prestar i alle bispedøme er langt lågare, ned i 2,7 % i Bjørgvin. I Møre bispedøme var sjukefråveret på 4,5 % i fjor. Arbeidssituasjonen krev ofte at prestar må gå på jobb med feber og sjukdom. Det er ikkje alltid lett å få ein vikar til å steppa inn ved gravferd eller gudsteneste og dåp der mange menneske ventar. Eller er arbeidsmoralen mellom folk flest dårlegare enn hos prestar og kyrkjeleg tilsette?

Brannalarm

Ei kartlegging som Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon KA har foretatt viser at ei av tre kyrkjer i landet er utan brannalarm. Fleire har innbrottsalarm. Den norske kyrkje har 1.620 kyrkjebygg. Av desse er 1.350 kontrollert. Av kyrkjene er i underkant av 1.000 verna og freda kyrkjer, 218 er freda (bygd før 1650) og 760 er erklært verneverdige, iflg Riksantikvaren. Sikring kostar pengar, men brann og øydelegging kostar meir, forutan at det er eit stort kulturelt tap for landet og lokalsamfunnet og eit kjenslemessig tap for kyrkjelydane.





SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 E-post: ekspedisjon@sunndal-
 kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Kyrkjeutvikling

Som vi har skrivne om før, så er kyrkje-lydane i Øksendal og Neset sokn med i eit omfattande forskningsprosjekt for å kartlegge folks tilhøve til kyrkja og for å utvikla medlemmane sitt engasjement i kyrkja. Dette er eit toårig prosjekt som heiter «Menighetsutvikling i folkekyrkja».

I november var styringsgruppene samla til kurs i Neset prestegard sammen med prosjektleiarar, forskarar og professorar frå Menighetsfakultet.

På noverande stadium i forskningsprosjektet har alle innbyggjarane i dei to bygdene fått eit spørjeskjema der dei kan få svara på spørsmål i høve til kyrkjeengasjement og korleis dei opplever kyrkjens nærver i livet.

Det blir spennande å fylgja resultatata av dette prosjektet. *ERE*

Jubileum

Det er ikkje berre kyrkjebladet som jubilerer. Som ein kuriositet kan vi nemna at vi i år har markering for minst to store historiske personar, diktarhøvdingen Bjørnstjerne Bjørnson som døydd for hundre år sidan, og pionermisjonæren Lars Olsen Skrefsrud som var fødd for 170 år sidan, 4. febr 1840, og døydd same år som Bjørnson, 1910, i India.

Både var mektige språkpersonar, Bjørnson mest i kraft av sin diktarevne og Skrefsrud som språkgeni, han kunne 42 språk og gjorde eit stort språkleg og kulturelt forskningsarbeid ved sida av si teneste som misjonær og sosialarbeidar. Både var store folketalarar



som kunne trollbinda tilhøyrarar i fleire timar. Dei møtte kvarandre og vart vener. Bjørnson som alt da hadde teke avstand frå kristentrua, hadde likevel stor respekt for Skrefsrud og arbeidet hans, og han heldt eit foredrag til inntekt for misjonsarbeidet! Skrefsrud vart av enkelte vener råda frå å ta imot pengane, men han skreiv:

«Sig mig i al Værden, hvad der da skulle bevæge mig til at krænke ham og sende ham pengene tilbage! Maaske jeg er en af de faa Nordmænd som endnu er et Baand mellem Bjørnson og Kristendomen – og dette Baand skulle med hjærteløs Haand rives over? Aldrig!!!»

Både namn er knyta til Gudbrandsdalen, og som kjent skreiv Bjørnstjerne Bjørnson eit hyllingsdikt til Gudbrandsdalens store son, misjonæren Skrefsrud, som starta Santalmisjonen i India.

« - Jeg ærer deg fordi du er den første av Gudbrandsdalens sønner i din tid!»

ERE

Glade søndagsskolebarn i Sunndal.



Påskeleir på Solhøgda

I Palmehelga 26-28. mars arrangeres det påskeleir for 5-8. klasse. Denne gangen vil misjonær Anna Sæther fra Surnadal være med og fortelle fra Bibelen, og fra arbeidet hun har vært med på, både på Taiwan og i Kina. Ellers blir det mye aktiviteter både ute og inne. Alle 5-8. klassinger ønskes hjertelig velkommen.

Mandag 29. mars er det tradisjonen tro ungdomssamling. Da er alle ungdommer hjertelig velkommen, og som tidligere håper en og at mange unge som er heime på påskeferie vil komme.

Påmelding direkte til Solhøgda.

«Jesu syv ord på korset» av Joseph Haydn

KKKK – Kristiansund Kirke Kunst Kultur – framfører Haydns «Jesu syv ord på korset» med tekstlesing i Hov kirke skjærtorsdag kl 20.00. Gratis. Det blir også kveldsmat i Kirketunet etterpå.

Phillipshaug-helg

Velkommen til Phillipshaug-helg første helga etter påske, 10. – 11. april!

Lørdag 10. april kl.10:00:

Dugnad på Phillipshaugen.
Varierte oppgaver og god mat.

Søndag 11.april:

Velkommen til NMS Områdestemne for Indre Nordmøre!

11:00 Misjonsgudsteneste i Øksendal kirke

13:00 Middag på Phillipshaugen

14:00 Årsmøte med informasjon om ny organisering av NMS

Kaffe og kaker

16:00 Misjonsfest

Stemneavgift 200,- kr

«Frykten for å dø handler ofte om angsten for å leve.»

Øystein Bakkevig, psykolog



Kommentaren

Gud gir – vi deler!

Så vant vi ikke trosopplæringslotteriet denne gangen heller.

Det er mange menigheter i vårt prosti som har ventet på, og gledet seg til, at det endelig skulle bli deres tur. Deres tur til å lage en enda bedre trosopplæring for barn og unge enn man allerede har. Alle vi som jobber i kirkene i Indre Nordmøre vil jo det beste for alle barna i menighetene våre. Og jeg tror det beste vi kan gi barna er Jesusfortellingene.

Det bør skje på mange ulike måter, fordi barn og unge har så ulike måter å lære på. Det betyr at vi trenger friske ressurser; menneskelige, økonomiske og kreative. Ressurser til å sette ut i livet alle drømmene vi har på vegne av bygdens små og store barn.

Likevel er det på sin plass å gratulere ytre Nordmøre prosti med seieren. I år var de ett av prostiene som skal starte opp med en fornyet trosopplæring for barn og ungdom fra 0-18 år. Neste år blir det kanskje oss. Vi får hjelpe hverandre til å holde motet oppe til vi har vinnerlykken. Det vi vet er at i løpet av 2013 skal alle landets menigheter være en del av Trosopplæringsreformen i Den norske kirke.

De siste årene har det vært mye pro-

sjektjobbing i menighetene våre. Flere menigheter i vårt område har fått midler til å drive forsøksvirksomhet innenfor trosopplæringen i de lokale kirkene. Det som er nytt nå er at vi, de ulike menighetsrådene, skal utarbeide en trosopplæringsplan for alle i alderen 0 – 18 år uansett funksjonsnivå. Det er en stor, spennende og viktig oppgave.

Heldigvis står ingen av oss på bar bakke. Kirkerådet har utarbeidet en ny og fersk plan for Trosopplæring i Den norske kirke.

Det er denne planen vi skal ta utgangspunkt i når hver menighet skal jobbe med en lokalt forankret og tilpasset trosopplæringsplan.

Planen – GUD GIR – VI DELER – handler om at det å lære og å vokse opp skjer i et sosialt rom. Man stapper ikke kunnskap inn i barn. De lærer ved å delta. Planen beskriver barn og ungdom som bidragsytere i et trosfellesskap der deres egne erfaringer og opplevelser er viktige.

Plan for trosopplæring gir heldigvis ikke bare en oversikt over alt barna skal lære om kristendommen. Men den beskriver hva det er å vokse opp i et kristent fellesskap. Jeg tror at vi som voksne vil oppleve fornyelser i vårt eget trosliv når vi lar barn og ungdom leve ut sin tro i kirkene våre. Og jeg gleder

meg allerede!

Plan for trosopplæring, GUD GIR – VI DELER, skal hjelpe oss til å holde fast på det sentrale. Gud viste hvor høyt han elsket oss alle da han sendte Sønnen sin, Jesus Kristus, for i døden å forsone Gud og mennesker. Alle mennesker er gjennom dåpen kalt til å leve og vokse i Guds nærhet. Trosopplæringens hovedoppgave vil være å gjøre som Jesus sier i Matt 28:17ff.

«Jeg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler! Døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

Det er mye som skal tenkes, planlegges og gjøres nå. Heldigvis er det ikke noe vi skal drive med alene. Jesus lover at han vil gå sammen med oss hele veien frem til verdens ende.

Lykke til alle sammen!

Cathrine Grutle

Gravferdskonsulentar

Det er ei yrkesgruppe som vi kan seia har ei kyrkjeleg oppgåve utan å vera tilsette verken av Fellesråd eller Bispedømeråd, men som er viktig i den kyrkjelege handlinga som heiter Gravferd.

Dei driv gjerne eigen bedrift, eller byrå, som eit einmanns- eller tomannsforetak. Ved dei fleste gravferder er dei til stades, men det er heilt i orden å ha gravferd uten gravferdsbyrå dersom ein ønskjer det og har kapasitet til det. Dei aller fleste i vårt distrikt har meir eller mindre støtte av desse profesjonelle hjelparane, til å ordna alt eller deler av gravferda, kiste, nedlegging, transport, pynting, songar, minnesamver etc. Dei kan også vera meir eller mindre synlege ved gravferda, etter som det er tradisjon for. I vårt distrikt er det Halsa prestegjeld som har minst tradisjon for bruk av gravferdskonsulentar.

Denne gongen ønskjer Kyrkjebladet å fokusera på nokre av dei og det arbeidet dei driv, ei svært spesiell teneste.

Ragna og Ivar Meisingset har drive gravferdsbyrå i 32 år, tilsaman blir det tusenvis av gravferder, i gjennomsnitt 120 pr år, heilt opp til 150 på eit år. «Surnadal og Rindal begravelsesbyrå» dekkjer området Surnadal, Stangvik og Rindal, og delvis

Halsa prestegjeld. Kvar gravferd er mange timars arbeid, frå den første kontakt, til nedleggjing, vising og gjennomføring av gravferda, av og til blir dei også brukt til å leia minnesamver. Ofte må dei og henta den døde frå sjukehus eller dødsstad langt borte.

Det verste dei opplever er ulukker og sjølv mord, spesielt vanskeleg der born og unge er involvert.

«Vi er av dei første som har kontakt med familien, vi kjem tett inn på folk i slike sårbare situasjonar som eit dødsfall, og vi veit aldri kva slags reaksjonar vi møter. Det kan vera sinne, sjokk, avbalansert haldning og taushet. Ingen situasjon er lik. Det er ingen standard. Av og til kan det opplevast som sjelesorgarbeid.»

Dei seier dei føler det er ei hjelp i arbeidet å ha ei kristen tru og at det er fint at gravferda kan foregå i kyrkja, men dei er veldig opptatt av å behandla alle likt og visa dei respekt same kva slags tru dei har. Dei har sjølv sagt også gravferder for menneske som ikkje har kontakt med kyrkja, som høyrer til andre religionar eller er humanitarar.

«Vi har ikkje kontortid, men ønskjer å vera tilgjengeleg heile døgnet, til alle tider.»

Det betyr vel at dei aldri har fri, men den siste tida har dei hatt god hjelp av ungdomane sine som har vore med og har



avlasta dei, også i feriar.

Det er mykje papirarbeid, offentlege formaliteter som må ordnast, avtale med kyrkjevevjer og prest, trykking av salmar, annonsar etc. Sjølv om salmane må godkjennast av prest og organist, blir det gjerne gravferdskonsulenten som hjelper med å ta ut songar slik at dei kan få tid til å trykka dei.

Det er eit tungt arbeid, både fysisk og psykisk, men om det er mykje sorg, føler Ragna og Ivar at det er godt å få vera til hjelp for etterlatte i dei vanskelegaste situasjonar i livet, og dei har opplevd mykje fin kontakt og gode stunder.

ERE

Sjå også siste side!

Neste nummer kjem
veke 20. Frist for
innsending av stoff er 29. april.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Torsdag 25. mars

Øye kyrkje kl.10:00

Morgonsong v/elevar frå Øye skule.

Palmesøndag, 28. mars

Joh 12,12-24

Halsa kirke kl.11:00

Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Norges søndagsskoleforbund.

Rindal kirke:

Ingen gudstjeneste.

Hov kirke kl.11:00

Laskerud.

Øksendal kyrkje kl.20:00

Boye. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Mo kyrkje kl.11:00

Familiegudstjeneste. L.E. Grutle. Utdeling av 4-årsbøker. Takkoffer.

Stangvik kyrkje kl.19:30

Kveldsmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Straumsnes kyrkje kl.11:00

Familiegudstjeneste. Mette Boye. Straumsnes barnegospelkor deltek

Osmarka kapell kl.18:00

Høgmesse. Nattverd. Mette Boye. Takkoffer til Nordm. og Romsdal indremisjon.

Skjærtorsdag, 1. april

Joh 13,1-15

Halsa kirke kl.19:00

Måltidsgudstjeneste med nattverd ved soknepresten. Takkoffer til Gå ut senteret.

Rindal kirke kl.19:30

Kveldsmesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Helsetunet kl.10:00(?)

Storset. Nattverd.

Hov kirke kl. 20:00

"Jesu 7 ord på korset" (Haydn). Kveldsmat på Kirketunet.

Ålvundeid kyrkje kl. 20:00

Boye.

Gjøra kapell kl.20:00

Storset. Nattverd

Todalen kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Venås. Nattverd.

Øye kyrkje kl. 19:30

Nattverdsgudstjeneste. L.E.Grutle. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Trondheim

Åsskard kyrkje kl. 19:30

Påskesongmesse. Nattverd. Venås. Kor. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kveldsmat.

Ålvundeid kyrkje kl.20:00

Boye.

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd. Gerd Anne Aarset.

Gjemnes kirke kl.11:00

Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Kirkens SOS. Kirkekaffi.

Øre kyrkje kl.19:30

Høgmesse. Nattverd. Dahle.

Langfredag, 2. april

Mark 14,26-15,37

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens SOS.

Øvre Rindal kapell kl.11:00

Langfredagsgudstjeneste. Lene Gåsvatn.

Rindal eldresenter kl.15:00

Gudstjeneste. Nattverd. Lene Gåsvatn.

Hov kirke kl.11:00

Storset.

Sumadal sjukeheim kl.11:30

Nattverdsgudstjeneste. L.E.Grutle.

Øye kyrkje kl.16:00

Konsert "Jesu syv ord på korset" av J. Haydn

Todalen kyrkje kl.19:30

Pasjonsgudstjeneste. Venås.

Straumsnes kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Gerd Anne Aarset

Øre kyrkje kl.11:00

Pasjonsgudstjeneste. Dahle

Påskedag, 4. april

Joh 20,1-10

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Norsk

Rindal kirke kl.11:00

Luthersk Misjonssamband.

Høytidsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Normisjon.

Hov kirke kl.11:00

Høytidsgudstjeneste. Storset.

Romfo kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudstjeneste. Boye. Takkoffer.

Ålvundeid kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudstjeneste. Laskerud.

Stangvik kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap

Øye kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudstjeneste. L. E. Grutle. Takkoffer til Møre i misjon

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd Gerd Anne Aarset.

Kirkecoret deltek.

Øre kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudstjeneste. Dahle. Blåsegruppe. Takkoffer til Møre i misjon.

Andre påskedag, 5. april

Joh 20,11-18

Kyrkjelydshuset,

Skei kl.11:00

Gudstenestleg møte. Normisjon

Haugligardane,

Todalen kl.12:00

Friluftsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Straumsnes kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd. Gerd Anne Aarset

Gjemnes kirke kl.11:00

Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Møre i misjon.

1. s. e. påske, 11. april

Joh 21,1-14

Halsa prestegjeld:

Ingen gudstjeneste.

Rindal sokn:

Ingen gudstjeneste.

Grøa bedehus kl. 11:00

Storset. Kirkekaffe

Hov kirke kl. 19:00

Laskerud. Samtale med konfirmantene.

Mo kyrkje kl. 11:00

Høgmesse. Nattverd. L.E.Grutle. Takkoffer.

Øre kyrkje kl.11:00

Høgmesse. Nattverd. Dahle. Høgtun folkehøgskole deltek. Takkoffer til Høgtun. Kyrkjekaffi.

2. s. e. påske, 18. april

Joh 21,15-19

Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.

Rindal kirke kl.11:00

Familiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Hov kirke kl. 11:00

M. Boye.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00

Laskerud. Samtale med konfirmantane.

Todalen kyrkje kl. 19:30

Ungdomsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til konfirmantarbeidet.

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Familiegudstjeneste Prost Gerd Anne Aarset

Straumsnes kyrkje kl. 16:00

Konsert : Gabriel Fauré: Requiem Kristiansund kammerkor m/orkester

Gjemnes kirke kl.11:00

Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Menneskeverd. Kirkekaffi.

Laurdag 24. april

Tingvoll kyrkje kl 17:00

Konsert : Lone Hulbækmo/ Hans Chr. Jacobsen. Tingvoll kyrkjekor og Straumsnes songlag

3. s. e. påske, 25. april

Joh 14,1-11

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til KFUK-KFUM -Speiderne.

Rindal sokn:

Ingen gudstjeneste.

Hov kirke kl. 11:00

Boye. Nattverd. Kirkekaffe

Romfo kyrkje kl. 11:00

Storset. Takkoffer. Samtale med konfirmantane.

Årsmøte og kyrkjekaffe.

Kyrkjelydshuset, Skei kl.11:00

Gudstenestleg møte. NMS.

Stangvik kyrkje kl.11:00

Konfirmasjonsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Øye kyrkje kl.17:00

Samtalegudstjeneste med konfirmantane.

Straumsnes kyrkje kl. 16:00

L.E.Grutle. Konfirmantfest etter gudstjenesta. Familiegudstjeneste Sokneprest Cathrine Grutle Offer: IKO

Angvik bedehus kl.11:00

Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens SOS.

Øre kyrkje kl.19:30

Samtalegudstjeneste. Konfirmantane deltek.

Fradag 30. april

Straumsnes kyrkje kl 20:00

Gospelkonsert med Jessie Dixon og Straumsnes songlag

1. mai*Luk 6,31-35*

Hov kirke kl. 11:00 (Se avisene.)
 Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse. Prost Gerd Anne Aarset

4. s. e. påske, 2. mai*Jes 1,18-20*

Halsa kirke kl.11:00 Overhøringsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Trondheim.
 Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Familie og medier.

Hov kirke kl. 11:00 Storset og Laskerud. Konfirmasjon.
 Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Konfirmasjon.
 Øye kyrkje kl.11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Nordvik forsamlingshus kl.11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Kyrkjebladet.
 Osmarka kapell kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle.

5. s. e. påske, 9. mai*Matt 6,6-13*

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
 Øvre Rindal kapell kl.11:00 Høymesse. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Amatheia.
 Hov kirke kl. 11:00 Storset og Boye. Konfirmasjon.
 Ålvundeid kyrkje kl. 13:00 Laskerud. Konfirmasjon
 Gjøra kapell kl. 20:00 (Liturg: ?) Nattverd
 Øye kyrkje kl. 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste (flytta frå Raness).
 Øye kyrkje kl. 12.30 Konfirmasjonsgudsteneste (flytta frå Raness).
 L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Straumsnes kyrkje kl 11:00 Samtalegudstjeneste. Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle. Offer: Kyrkjebladet

Tingvoll kyrkje kl 16:00 Samtalegudstjeneste. Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle

Gjemnes kirke kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Kristi himmelfartsdag, 13. mai*Apg 1,1-11*

Saltrøa kl.11:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Soltun soldatheim og ungdomssenter. Kirkekaffe.

Rindal kirke kl.19:30 Samtalegudstjeneste. Konfirmantfest. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Norges Kristelige studentforbund.

Hov kirke kl. 11:00 Liturg: ?
 Mo kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer
 Åsskard kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrjekaffe

Todalen kyrkje kl. 14:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Øre kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Norsk Gideon.

6. s. e. påske, 16. mai*Joh 17,18-26*

Halsa kirke kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Rindal sokn: Ingen gudstjeneste.
 Hov kirke kl. 11:00 Konfirmasjon. Storset og Laskerud.
 Ålvundeid kyrkje kl. 13:00 Konfirmasjon. Laskerud.

17. mai (Grunnlovsdag), 17. mai*Joh 12,35-36*

Halsa sjukeheim kl.10:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Redd barna.

Rindal sokn: Kunngjøring seinere.
 Hov kirke kl. 11:00 Storset. Høytidsstund.
 Øksendal kyrkje kl. 12:00 Boye. Takkoffer til Misjon uten grenser.
 Gjøra kapell kl. 12:30 Storset. Takkoffer..

Ålvundeid kyrkje kl. 12:30 Laskerud.
 Mo kyrkje kl. 10:00 Gudsteneste v/prosten. Takkoffer.
 Stangvik kyrkje kl. 10:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Kirkens Bymisjon

Øye kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste v/prosten. Takkoffer til Amnesty International

Åsskard kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Redd Barna.

Todalen kyrkje kl. 14:00

Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Redd Barna

Straumsnes kyrkje kl 12:00

Sokneprest Cathrine Grutle Offer: Bunda.

Straumsnes songlag deltek

Tingvoll kyrkje kl 10:30

Sokneprest Cathrine Grutle

Øre kyrkje kl.11:00

Gudsteneste. Dahle. Batnfjord musikklag.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Se kunngjøring senere.

Gjemnes kirke

Pinsedag, 23. mai*Joh 14,15-21*

Felles pinsegudstjeneste i Stangvik.

Hov kirke kl. 11:00

Høytidsgudstjeneste. Boye. Kirkekaffe

Romfo kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjon. Storset. Takkoffer.

Stangvik kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste (felles pinsegudsteneste). Venås og Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Straumsnes kyrkje kl 11:00

Konfirmasjonsgudstjeneste. Sokneprest Cathrine Grutle. Offer: egen menighet. Straumsnes songlag deltek

Øre kyrkje kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste. Dahle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Andre pinsedag, 24. mai*1 Kor 12,12-20*

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon, DNK i utlandet, Nordmøre og Romsdal krets.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste. Storset.

Hafsås skule kl. 12:00

Boye.

Kyrkjelyds huset, Skei kl. 11:00 Gudstenestleg møte. NLM.

Tingvoll kyrkje kl 11:00

Høymesse. Nattverd. Prost Gerd Anne Aarset

Gjemnes kl.11:00

Familiegudstjeneste. Dahle. 6 og 7-åringene spesielt invitert. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Konfirmasjonar i Rindal 29. - 30.mai, og i Tingvoll 30. mai.

Ingvild i Nepal



Ingvild Venås som reiste til Nepal i januar som utsending for Normisjon, skriv i eit brev at den første tida har gått med til å bli kjent med språk og kultur og å bli vant med nepalesisk byråkrati og papirmølle. Ho måtte innom 9 forskjellige kontorinstansar for å få ut bagasjen, samt problemer for å få arbeidsvisa. Elles har ho vorte kjent med eit arbeid som går ut på å hjelpe kvinner og jenter som er lokka vekk frå landsbyane ut i prostitusjon i storbyen.

«Håpet er at de skal kunne få se at de er verdifulle og at de kan komme seg bort fra prostitusjonen og bli sysselsatt i annet arbeid.» skriv Ingvild. Ho har vore i fleire nepalesiske menigheter for å bli kjent med dei, men føler no behov for å koma i den internasjonale kyrkja på engelsk gudsteneste.

Ingvild er takksam for god helse og bed om forbøn for språkstudiet og arbeidet vidare.

ERE

ANDAKT

Påskan – en meningsløshet?

I dag blir Gud i stor grad tilpasset tenkningen i fornuftstroen. Det betyr at gudsbegrepet formes som det passer tidens mennesker. Man velger en gud som man vil, men det er ikke så nøye om han er den Gud som er til. Sannheten blir ofte noe relativt: Noe er sant for meg, om ikke nødvendigvis for deg.

Med en slik holdning er det ikke overraskende at mange stiller seg kritisk til Jesu død som sonoffer; andre ønsker å kvitte seg med det hele. Langt på vei kan jeg forstå en slik reaksjon når mysteriet, det som fornuften ikke får tak på, avskrives.

Kan da påskens ord om soning og offer og blod som rensar fra synd, fremdeles ha mening? Det skaper så mange vrangforestillinger, vrengebilder av en guddom som ikke kan elske uten at noen først blir ofret, straffet og pint --. Dermed blir den kristne tro ofte avvist.

Kirken kan ikke gi slipp på kors-teologien eller sonoffertanken. Det vederlag som ikke vi er i stand til å yte, det svarer Gud selv for. Det er han som ofrer. Han som gir seg hen i Jesus. Vi hadde røvet

vårt liv bort fra Gud. Jesus Kristus gav sitt liv. Vi hadde gjort opprør mot Guds herredømme. Jesus Kristus gjenopprettet Guds herredømme.

Ved å bære seg selv fram som offer i vårt sted, har Jesus tatt på seg Guds dom over menneskenes urettferdighet, slik at vi kan erklæres rettferdige for Kristi skyld.

”Rettferdiggjørelsen” er det klassiske uttrykk brukt om Kristi frelsesverk. Det er blitt stående i vårt lutherske tradisjon som den trosartikkel kirken står og faller på.

Det dreier seg ikke om en straffende og hevngjerrig Gud som krever offer for å temme sitt raseri. Troens aller helligste forsøk på å forstå det dypeste mysterium handler om at **Gud selv bærer kjærlighetens offer**. Mister man tak i dette punktet, ender man raskt i forvrengningene jeg før har nevnt.

Ingen bekjennelse har skapt så intens takknemlighet og trosglød som denne: ”Bøtt er brøden, død er døden, død er døden som syndens sold”. Mennesket er frikjent, skylden er sonet, prisen betalt. Det er ikke bare påskens mange salmer og tekster som dveler ved troen på Jesu stedfortredende lidelse og

død. Bekjennelsen gjennomsyrer kirkens forkynnelse og liturgi, salmesang og fromhetsliv. Vi ville bli fattige og historieløse uten dette.

Kunne ikke Gud ha tilgitt uten offer? - spør noen. Vi må like gjerne spørre: Kunne ikke Gud ha kapitulert for ugudelighet? Gud kan ”rettferdiggjøre den ugudelige”, men han kan ikke jatte med ham. Da var Gud ikke Gud!

En gruffull død som i første omgang ser ut til å skitte til gudsbildet vårt, blir uttrykk for selve saken: Guds kjærlighet.

Ut fra dette mysterium kan påskegleden strømme. Det vakreste i kristendommen er at den fullkomne kjærligheten ikke er å finne langt borte i en opphøyet himmelsk salighet, men midt i grusomheten og fornedrelsen.

”Ære være Gud i det høyeste”, heter det i juleevangeliet. Det hadde vært like meningsfullt å si med påskeevangeliet: ”Ære være Gud i det laveste”.

Velsignet påske!

Av prost em. Magne J. Bergslid

DØYPTTE — VIGDE — DØDE

Døypete

VALSØYFJORD

13.12. John Smevoll Halvorsen.

Døpt i Halså kirke.

HALSÅ

21.02 Selma Røed Sørflaten.

Døpt i Narvik kirke.

RINDAL

31.01 Emma Aarønes

ROMFO

14.02. Ingeborg Sande Hjellmo

28.02. Irlin Tronsgård

HOV

24.01. Ronja Kittelsen Siglevik

24.01. Vilde Wirum Solli

31.01. Oscar Linseth Åsgård

07.02. Helene Evensen

21.02. Hannah Fevelen

21.02. Andreas Vullum Husby

28.02. Jonas Kjorsvik Bævre

ØKSENDAL

24.12. Lamin Zion Wågbo Ndiaye

ÅLVUNDEID

24.01. Sondre Magerøy Andstad

STANGVIK

31.01. Mathea Teilgård Hoem

ØYE-RANES

17.01. Selma Stavik Heggset

21.02. Vilde Lie-Fjeldvær

21.02. Ronja Teilgård Holten

21.02. Brage Andersen

ÅSSKARD

15.11.09 Brynjar Bæverfjord

15.11.09 Brage Bæverfjord

15.11.09 Kristian Bøe

STRAUMSNES

17.01. Oda Eline Einset

TINGVOLL

31.12. Britt Sofie Hjellum

10.01. Silas August Skar Bulling

17.01. Liv Mari Korsrud Gundersen

ØRE

21.02. Jørgen Naalsund Gaupseth

21.02. Kristina Gagnat Torvik

21.02. Kristian Romuld Hoel

Vigde

HOV

05.02. Eva Kristin Heggset og Egil Furu

Døde

VALSØYFJORD

31.01 Kyrre Halstein Kristensen f. 1927

HALSÅ

30.01 Ansgar Olav Settemsdal f. 1942

15.02 Oskar Marensius Jensen f. 1938

RINDAL

26.01. Olaf Grytbakk f. 1926

30.01. Kristine Skjølsvold f. 1916

05.02. Gunnvor Marie Bolme f. 1933

HOV

20.01. Gunnar Torbjørn Karlsen f. 1938

25.01. Edith Julie Flatås f. 1921

27.01. Aud Synnøve Rønne f. 1935

02.02. Gudrun Bråttvik f. 1922

09.02. Reidun Hansine Hundseth f. 1931

15.02. Lilly Marianne Søbstad f. 1917

15.02. Bjørg Åshild Nelvik f. 1925

ÅLVUNDEID

06.02. Oddmund Martinus

Kindsbekken f. 1929

STANGVIK

14.01. Brit Kvande f. 1915

30.01. Ingeborg Anna Åsbø f. 1917

ÅSSKARD

22.01. Ingeborg Sættem f. 1911

ØYE-RANES

18.01. Torstein Skogseth f. 1942

23.01. Olav B. Mogstad f. 1927

23.01. Idar Ersvik f. 1933

28.01. Tore Vullum f. 1935

22.02. Nils Orahaug f. 1941

03.03. Karen Ingunn

Myrbostad f. 1941

03.03. Ann Kjellfrid Reiten f. 1960

MO

02.03. Ola N. Røv f. 1928

STRAUMSNES

9.12. Ellen Rakstang f. 1927

10.12. Nils J Ulset f. 1939

12.12. Charlotte Pauline Ulset f. 1923

TINGVOLL

Rettelse av døde Kyrkjebladet nr 1 2010

08.12. Mari Grete Wågbo f. 1946

09.12. Kjellaug Storset f. 1914

12.12. Ester Bråttvik f. 1910

09.01. Ole Rovik f. 1918

ØRE

31.01. Tore Ulset f. 1928

14.02. Olav Egil Harstad f. 1924

19.02. Margrete Solli f. 1922



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halsas kirke

Nytt tak på Halsas kirke snart på plass

Det som nå står igjen av tak arbeidet ved Halsas kirke er en del kapping og finjustering av både stein og tre, ellers skal det meste være på plass. Tårnet skal få ny bordkledning, og malingsarbeidet er utsatt til gradstokken kryper på plussiden. Arbeidet med tak- og tårnarbeidet ved kirka starta opp på juli. Målet var at arbeidet skulle ha blitt avslutta på desember, men på grunn av snø og kulde ble arbeidet en del forlenga.

Arbeidet med restaurering av Halsas kirke starta opp alt i 2004 etter at det ble avdekket råteskader i golv og vegger. Kirka ble stengt i juli 2004 og åpna først i juli 2005. Dette var et stort økonomisk løft for kommunen. Totalt kom denne restaureringa på 1,6 millioner.

Det var under dette arbeidet at en oppdaga at også kalvariegruppa oppe på kor-skillet var i en elendig forfatning. Gruppa med Jesus på korset og Maria og Johannes

ved siden av, hadde fått store sprekker og malinga hadde flassa av. Riksantikvaren gav 300 000 kroner til oppussinga av denne. Fra 2005 og fram til november 2007 var gruppa til konservering og restaurering ved vitenskapsmuseet i Trondheim. Like før jul i 2007 var kalvariegruppa på plass i kirkerommet igjen. Kirka ble vaska, skrapa og malt på dugnad i 2006 – 2007. Dette året ble det også satt opp gjerde kring kirkegårdene.

I 2009 var det altså tak og reparering av tårn som stod for tur. Dette arbeidet ble planlagt og kostnadsberegna til om lag 1,5 millioner kroner.

Norsk Skifertre ble firmaet som fikk oppdraget med rehabilitering av tak og tårn etter anbudsrunder. Firmaet Husasnotra ble innleid til den innvendige delen av jobben. Jon Godal ble innleid som rådgiver.

Før arbeidet tok til lekket kirketaket, i tillegg var taksteinenes feste så dårlig at det var utrygt å ferdes utenfor kirka. Flere vegger tømra inn. Med økt vekt på veggene mente både Riksantikvaren og rådgiver Jon Godal at det var

Halsas kirke har fått nytt skifer-tak. Den vakre kirken fra 1724 framstår i dag med sitt opprinnelige preg intakt.



Anders Bøe (t.v) og Kristian Hendset fra Norsk Skifertre as i arbeid med taket på Halsas kirke.

helt nødvendig å sette inn strekkfisker.

Halsa kommune har bidratt med 700 000 til prosjektet. I tillegg har menighetsrådet fått en testamentert gave på 150 000. Sparebank 1 Nordvest har gitt 150 000.

Halsa Gjensidige Brannkasse har gitt 150 000 og Norsk Kulturminnefond har gitt 350 000.

Takk til dere alle. Med dette er Halsas kirke, vår store kulturskatt, ivaretatt og framstår i dag med sitt opprinnelige preg intakt.

Ingunn



Karnevalsgudstjeneste

Fastelavnssøndag var det karnevalsgudstjeneste for 3. året på rad. Det var godt oppmøte og mange hadde kledd seg ut. Noen var litt skumle, noen var morsomme og noen var veldig fine. Alle var med og satte ekstra farge på gudstjenesta.

Barn fra Søvassliringen og Korvetten både åpna og avslutta gudstjenesta med sang, og etterpå stilte kirkeringen opp med kirkesaft og boller. *EB*



Ei flott og fargerik forsamling!



Det nytter ikke å spise bolle og spille fihendig samtidig, men Dracula og Roy Rogers spilte vakkert trehendig.



SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



Baby- og småbornsong i Todalen

Frå 26. februar starta diakon Gry baby-song også i Todalen. Det har tidlegare vore berre på Kyrkjelydshuset i Surnadal, og det er langt for dei som bur ute i distriktet. Dette blir ein kombinasjon av babysong og småbornsong, da det ikkje er så mange der. Men alt på første samling var det stor interesse og godt framfmøte.

Dette er ei samling for at småbornsforeldre kan ha kontakt og samtidig lære aktivitetar og gode barnesongar dei også kan bruke heime, både kristne songar og andre norske songar. Det er også ei enkel servering på slutten av opplegget, med formiddagsmat for born og foreldre.

Det er fire samlingar før påske, men litt usikkert korleis opplegget blir etter påske da Gry går ut i barselpermisjon.

All tekst og foto: ERE



Stenging av Ranese kyrkje

Resultatet av at Surnadal kommune har kuttet i budsjettet til Kyrkjeleg fellesråd er stenging av Ranese kyrkje og stopp i vedlikehald i heile soknet. Fellesrådet har alt eit oppsamla underskot på 900.000 kroner. Ved å stengja av straum og vatn i Ranese kyrkje inntil vidare og andre tiltak reknar ein med å spare rundt 150.000 kroner.

I antal medlemmar, 2.525, er Ranese den største kyrkja i kommunen.

Mykje vedlikehald må også venta, så det er drastiske tiltak kyrkja står overfor. Det vil og gå ut over stell og vedlikehald av kyrkjegardane. Og dersom dei kommunale løyvingane blir på dette nivået framover, kan fleire kyrkjer måtte stengja.



Biskop Ingeborg Midttømme nektar å godta at kyrkjer blir stengde. Ho hevdar det er brot på Kyrkjelova som krev at alle sokn skal ha minst ei kyrkje og at kommunane har ansvar for drift og vedlikehald.

Kondolanse

Frå gammelt har det vore skikk at alle går fram til grava og kondolerer den næraste familie til avdøde ved gravferd. Det har vorte meir og meir vanleg at ikkje alle gjer det, men fortsatt er det mange som ønskjer å helse på dei sørgjande på ein slik personleg måte. Det er fint, men kan også vera ei påkjenning i stor sorg. I dag er det og vanleg at ein har ein kondolansseprotokoll i inngangen til kyrkja der dei som ønskjer det, kan skriva namnet sitt. Dette er også eit uttrykk for deltaking i sorga, i staden for den personlege handhelsinga, eller i tillegg.

Da kan familien etterpå sjå kven som deltok i gravferda, noko som elles kan vera vanskeleg å oppfatta ein slik dag.

Sorg

Det er mange slags sorg, for det er mange forskjellige tap. I dette bladet har vi fokusert på død med sorg og håp, gravferd og oppstode.

Ein har sagt at sorga er den prisen ein må betala for kjærleiken.

Sorg er tungt arbeid som tek tid. Og sorgprosessen kan gå i bølger. Tapet av ein kjær er også sagn, einsemd, smerte og kanskje skuldskensle.

Det finst mange bøker om sorg og hjelp i sorga, og det finst mange gode råd for å koma vidare. Ein kan ha bruk for mykje hjelp. Somme sokn har sorggrupper som kan vera til støtte.

Fire gode råd kan vera til ei viss hjelp:

1. Akseptera tapet.
2. Gjennomleva sorgas smerte
3. Tilpassa seg ein ny situasjon
4. Investera sin sjelelege energi i nye forhold, vener, interesser, oppgaver

Kvar for oss veit vi kva som er det vanskelegaste for oss, og det skal vi respektera. Og vi kan ikkje venta å greia alt dette på eitt år.

Langfredagsmøte

Langfredagsmøte for Normisjon på Kvanne bedehus 2. april kl. 19.30 ved regionleiar Judy Storset.

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Tørsåskyrkja på sitt beste

- Eller var det Tørsåsløa som hadde vorte fleirbrukshus? Søndag var den eigna til kyrkje. Som den var eigna til kafè. Visstnok var løa både varmestove og samlingspunkt for skiløparar òg.

Arrangementet søndag starta med gudsteneste. Forenklinga av liturgien skulle bli kompensert av musikken. Kva gjer me vel ikkje når me manglar kyrkjeklokker, anna enn å få trekkspelaren Jan Sturla Jensvold til å spele "O when the Saints go marching in...." Så samla kyrkjelyden seg: Nokon inne, nokon ute og nokon utanfor høyt-



Lene prest og Jan Sturla leidet sportsandakta

revidde. Samla sett skulle me bli om lag 120 på gudstenesta som neppe skulle bli meir dryg enn bakkane opp til Tørsåsløa.

Så var det skirenn for alle. Ei runde i løpa kvalifiserte for fine premiar sponsa av Telenor. Det kan vera det vil vanke flust med blå ryggsekkar, vassflasker, buff og luer i Rindal etter dette skirennet.

Eit arrangement av slikt kaliber krev sitt av dugnad og samarbeid. Rindals-Troll og Skigruppa har så sterk rutine på den slags at det synes som at ting går av seg sjølv.

Tekst: Lene Gåsvatn. Foto: OleT



Folk satt både ute og inne

Kyrkjemusikken - ei skattkiste

Kyrkja forvaltar veldige musikkskattar – frå enkle viser til store verk. Difor – skaff deg del i heilskapen! Bach og Mozart kan gripe eit ope sinn like godt som det meir kjente. Mange gav uttrykk for dette etter Tonekvelden med Mozart i Åsskard 5. mars.

Som jula er påska rik på kyrkjemusikk. Også i år kan vi plukke perler frå denne skattkista: Palmesøndag med musikalsk Påskevandring i Stangvik kyrkje. Skjærtorsdag når Åsskard Kyrkjekor fyller ut messa med tonar frå heile høgtidsveka. Og langfredag med Haydns tonesetting av Jesu siste "Sju Ord" i Øye kyrkje! Og i gudstenester og samlingar elles ... *BB*

«Jesu sju ord på korset»

Langfredag kl. 16.- i Øye kyrkje blir «Jesu sju ord på korset» framført i samarbeid med KKKK (Kristiansund Kirke Kunst Kultur) med lesing av Sverre Hatle. Same verket skal framførast same dag, langfredag, på Tingvoll og skjærtorsdag i Sunndal med lokale tekstlesarar.

«Alle vil til himmelen, men ingen vil dø» Ukjent

Alle tiders konsert i Halsaa!

Sparebank1 Nordvest feirer 175års-jubileum med ei rekke kulturarrangement rundt i kommunene hvor de holder til. Først ut var en spennende konsert i Halsaa kirke. Det var Gunhild Sundli med band som ga en uforglemmelig opplevelse til et tallrikt publikum! Nyskrevet stoff og folketoner ble fint vevet sammen. Noe var vart, noe hadde tett driv, alt var særpreget og smakfullt. Både unge og eldre gleda seg over det vi fikk høre!



Denne konserten var en av to gavekonserter fra Halsaa kommune og Sparebank1 Nordvest i forbindelse med restaureringsprosjektet i Halsaa kirke. Vi har enda en konsert i vente den 16. mars. Da er kor, kulturskole og profesjonelle, lokale krefter satt sammen til et flott konsertprogram!

Tekst: EB. Foto: Alice Bergfall

Men om hovedattraksjonen var tilreisende, så var det og rom for mer lokale krefter. Batteri og Hazelband ga oss ei god åpning på kvelden med bra trøkk og egne låter. Både Hans Olav Settem og Øyvind Hassel Weiseth synger godt, og med fin koring og stødig komp ble det skikkelig bra!

Kyrkjeliv og kultur i 70 år:

Kyrkjebladet jubilerer (forts. frå nr.1-10)

Mot nyare tid

Dei første 50 åra endra bladet seg lite. Frå 1980-åra vart stoffprofilen gradvis meir tilpassa vår tid. 4-siders tabloidformat heldt seg til og med mars 2001. Frå sist på 40-talet vart julenummeret (og nokre påskenummer) trykt i vakker, sams blåfarge. Fargebilete dukka opp først til jul i 2000 – enno i det gamle formatet. Men i april 2001 fekk bladet heilt annan fasong – med 12 litt mindre (hendigare) sider og fargetrykk på 8 av desse. For redaksjonen vart det med eitt ei ny glede å laga bladet. Korleis lesarane opplevde denne forberinga, er vanskeleg å seie i ei tid da kulørte trykksaker dukkar opp i plagsame mengder.

Ei vesentleg endring vart

inndelinga i ”prestegjelds-sider” – der lokalkyrkja sjølv kan syte for å bli synleg. Med digitale kamera og e-post er det enkelt å sende inn stoff. Likevel blir ikkje bladet til ”av seg sjøl”. Så det er fint at folk i kyrkjelydane har den dugnadsanda som må til for at visjonen som skapte dette felles bladet for 70 år sidan, framleis skal leva.

Det er å håpe at folk om nye 70 år kan seie som den utflytta surnadalingen Lars Øye (fødd 1879) i ei helsing i 1950-åra: - ”Kyrkjebladet har gjort eit godt og signa arbeid for å få Guds ord ut til folket.”

Dette er siste del av ein artikkel Bernt Bø skreiv for Kyrkjebladet nr.1-2010.

Gravferdskonsulentar (Sjå også s.5)

Ola Hals har dreve gravferdsbyrå åleine i 24 år med 80-90 gravferder kvart år. Ein må rekna to arbeidsdagar for kvart oppdrag, pluss ein god del kontorarbeid.

«Mange tenkjer at det må vera grusomt å arbeida med døde folk, og det er sjølvstapt mange sterke opplevingar og tragediar,» seier Ola, «men også mange fine opplevingar, for arbeidet mitt har mest med levande menneske å gjera, og det er det fine med denne jobben, å få gje menneske i sorg avlastning i form av praktisk og formell hjelp, for sorg tek så mykje krefter.»

Ola opplever seg av og til som ein sjelesørgjar, og er opp-tatt av å hjelpa menneske til å la sorga få rom. Det er viktig å ikkje stengja noko inne, gråt eller latter. I ein samtale kan det også koma fram minner og situasjonar som kallar på smil og latter.

«Det er like dumt å stengja inne latteren som gråten,» seier Ola Hals, som er kjent for å vera ein stor humorist, men som i møte med sorga er prega av stort alvor. Han meiner det er viktig i denne bransjen å ha empati i alle dei forskjellige situasjonar og

vera fleksibel og imøtekomande som representant for servicetene- neste. For han er det ikkje først og fremst eit næringsforetak.

«I gravferda ønskjer eg å vera så diskret som råd, eg skal vera der tilgjengeleg, minst muleg synleg. Og eg oppfordrar familien til å delta, så vi kan gjera ting sammen, utan at det blir ei tilleggsbelastning for dei. Vår oppgåve er å passa på at alt skjer innanfor norsk lov, men innanfor den ramma er det familien som bestemmer.»

Trua på Jesus Kristus er avgjerande for Ola Hals, «Det er vegen, sanninga og livet, og gir ein indre fred og ro.» Men dette er ikkje noko han presenterer dei sørgjande utan at dei spør.



Salmane blir tekne ut sammen med han eller presten, og det er ofte gjengangarar folk vil ha.

Av dei tusener av gravferder Ola har hatt, så er det berre 5-6 humanetiske på 24 år. Det er lite i ei så stor befolkning. Området hans dekkjer 5 kyrkjer og er eit område med store avstandar, så det blir mykje køyring, også til sjukehusa. Restriksjonar i Oppdølsstranda har vore ei stor belastning denne vinteren.

«Det er viktig å vera ærleg og ikkje redd for å seia at eit dødsfall også kan vera ei lette. Det er stor forskjell på ein gammel og sjuks død og ei tragisk ulukke. Men blandinga av sorg og lette er vanskeleg. I ein sorgsituasjon er det viktig å møta nærhet, fellesskap og avlastning,» meiner

gravferdskonsulent Ola Hals, som har lang erfaring i møte med sørgjande.

ERE

Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829

E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:

Vullum Design as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@vullumdesign.no
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller